

## **FYLKESBIBLIOTEKET 2004**

Fylkesbiblioteket er eit lovfesta fylkeskommunalt organ som har til oppgåve å utvikle og supplere bibliotekdrifta i fylket. I Hordaland skjer dette gjennom ulike verkemiddel som rådgeving, opplæring, tilskipping av kurs og konferansar, initiering og deltaking i kommunale utviklingstiltak, planarbeid og utlånsverksemd via bokbåt og fjernlånsavdeling.

I tillegg til biblioteklova er fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland styrande for arbeidet. Fylkesdelplan for åra 2002-2005 blei vedteken i fylkestinget i oktober 2002. Det overordna målet for planen er at biblioteka i Hordaland skal fungere som eit effektivt og samordna nettverk der brukarane sine behov for formidling og tilrettelegging av informasjon skal stå i sentrum. Verksemda skal ha høg kvalitet og gi eit tilbod til alle ved å femne om ålmenn folkeopplysning, utdanningsretta tenester og kultur

Det var i 2004 10,45 (10,45)\* årsverk på fylkesbiblioteket. To årsverk er tilknytt fjernlånsverksemda og har arbeidsplass i leigde lokale på Bergen off. bibliotek, to årsverk er prosjektstillingar.

### **Driftsoppgåver**

#### **Fjernlån**

Fjernlånstenesta mottok 14578 (14.609) bestillingar frå andre bibliotek - litt mindre enn året før. Berre 122 (84) tingingar blei sende vidare til andre. Det vil seie at biblioteka i aukande grad nyttar Internett til å sjekke om bøkene dei treng finst i fellessamlingane til fylkesbiblioteket og Bergen off. bibliotek. Det blei lånt ut 13 466 einingar frå fellessamlinga. I tillegg svarte fjernlånstenesta på 2 758 (2.485) spørsmål om ymse emne og hjelpte bibliotek med å finne fram til bibliotekressursar og andre ressursar på nettet. Mykje rettleiing gjeld lokalhistoriske kjelder og lokalhistorisk kunnskap.

#### **Bokbåten**

Bokbåttenesta er eit samarbeidstiltak mellom Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar.

Bokbåten er framleis eit svært populært bibliotek- og kulturtilbod langs kyst- og fjordområda i Hordaland. "Epos" hadde 40 driftsdagar i 2004, og 53 stoppestader blei vitja to gonger. Det blei lånt ut 24.160 einingar (26.760), 16.129 til barn, 7.677 til vaksne og 354 lydbøker, inkludert utlån frå bokdepota som bokbåten set igjen på stoppa for vidareutlån mellom kvart besøk. Nedgangen er hovudsakleg på utlån til vaksne. Talmaterialet syner at særleg for dei yngste og minst mobile lånarane, er bokbåten eit viktig supplement til tilbodet dei får gjennom dei kommunale biblioteka. I alt blei det gjennomført 67 kulturprogram om bord, med eit samla publikumstal på 2.040 (2.083). Forfattarane Sylvelin Vatile og Roar Kaldestad, forteljarprogrammet I Trollets Time med Kirsten Høeg og eit svært populært program med Klovnen Knut (Knut Berntsen) fekk stor oppslutning. Frå hausten 2004 blir kulturprogramma på bokbåten organisert i samarbeid med Den kulturelle skulesekken.

Sparebanken Vest gav ei gåve på kr 100.000 til trykking av "Bokbåtbladet", som kjem i eit opplag på 2200 (600 for Hordaland). Det blir sendt ut til ca 1500 barn i grunnskulen i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Dei tre fylkesbiblioteka samarbeider om Bokbåtklubben, som vart oppretta hausten 2001.

#### **Rettleiingsteneste, møte, kurs og opplæring**

Fylkesbiblioteket gjennomførte om lag 20 (30) møte med kommunane i Hordaland i løpet av året. Oppgåvene har variert frå rein bibliotekteknisk rettleiing til spørsmål om organisering av samarbeid mellom folke- og skulebibliotek, nye biblioteklokale og drøfting av nye roller og oppgåver for folkebiblioteka.

---

\* tal frå 2003 står i parentes

Det blei skipa til 54 ulike kurs og konferansar. Av dette var det to nasjonale konferansar og fleire kurs og møte i samband med lesestimuleringstiltak. Det var om lag 2 000 deltakarar på desse arrangementa ei auke på 800 frå 2003. Eit samarbeid mellom vestlandsfylka gjer det mogleg for bibliotektilsette i Hordaland å delta på kurs i regi av fylkesbiblioteka i dei andre fylka når dei har ledig kapasitet. Bibliotektilsette i Rogaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal har deltatt på kurs i Hordaland.

### **Bibliotek i vidaregåande skule**

Arbeidet med ”Strategisk handlingsplan for bibliotek i vidaregåande skule i Hordaland” blei fullført og fremja politisk våren 2004. I juni vedtok Fylkestinget planen, som inneheld fem strategiar med 13 tiltak. Framdrift kalkulerte med kr 1,4 millionar til nye bibliotekarstillingar og kr 350 000 til ein koordinatorstilling i 2005, men fylkestinget fann ikkje ekstra midlar til gjennomføring av planen i budsjettet for 2005.

Hausten 2003 blei prosjekt Modellbibliotek starta opp på Os vidaregåande skule. Prosjektet er treårig og kom i god drift i 2004 med ein 80% fagutdanna bibliotekarstilling. Modellbiblioteket prøver ut biblioteket si rolle som læringscenter i skulen gjennom integrering i det pedagogiske arbeidet.

Fylkesbiblioteket har brukt av sine ressursar til koordinering og rettleiing retta mot skulebiblioteka. 12 skulebibliotekarar har m.a. (lektorar i 20% stillingar) delteke på kurs i bibliotekprogrammet Mikromarc 2. Midlar frå det statlege programmet ”Gi rom for lesing” har særleg blitt nytta til tiltak i vidaregåande skule, knytt til lesestimuleringstiltak og opplæring av norsklærarar, der skulebiblioteket har vore ein samarbeidspart.

### **Utlån av klassesett**

Fylkesbiblioteket har om lag 200 klassesett som blir lånt ut til grunnskulane i fylket utanom Bergen. Bestilling og oversyn over bøkene får ein på ei eiga nettside via nettstaden til fylkesbiblioteket.

## **Oppdragsverksemd**

Fylkesbiblioteket har avtale med Statoil om å forsyne 7 oljeplattformer i Nordsjøen med fritidsbibliotek. To gonger blei det sendt 100 bøker til kvar plattform. I alt vart det sendt ut 1400 bøker til fritidsbiblioteka på Gullfaks A, Gullfaks B, Gullfaks C, Sleipner A, Veslefrikk B, Troll A og Heidrun. Statoil betaler om lag kr 300 000 i året, likt fordelt på innkjøp av bøker og arbeid i samband med dette.

## **Utviklingsoppgåver**

Gjennom fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland 2002-2005 er fylkesbiblioteket ein aktiv utviklingsaktør.

I 2004 blei tre store prosjekt avslutta:

Prosjekt *Breiband til alle i Hordaland* har medverka til at 32 av dei 33 folkebiblioteka i fylket er kopla til breiband, at det er etablert biblioteksamarbeid på Stord, og at det har blitt sett i gang samarbeid mellom Granvin og Ulvik og mellom Fjell, Sund og Øygarden. Prosjektet har laga ei enkel kombinert informasjonsbrosjyre og prosjektrapport.

Det store paraplyprosjektet *Kunnskapsnettverk indre Hordaland* har involvert biblioteka i Voss og Hardanger i samarbeid om betre tilrettelegging av utdanning for vaksne. Alle biblioteka i Hordaland har blitt knutepunkt for kurstilbydarar som vil legge informasjon om tilboda sine inn i *Kursoversikt.no*. Prosjekt *Eldrepedagogikk*, som er eit pionerarbeid i nordisk samanheng, har gått over i ein ny fase med etablering på Betanien diakonale høgskole frå årsskiftet. Det har også vore kontakt med Universitetet i Bergen om samarbeid. *Eldreeven* – ein nettstad med tekstar av eldre og informasjon om prosjektet – er att på fylkesbiblioteket.

Budsjettsituasjonen på fylkesbiblioteket har gjort det vanskeleg å starte nye prosjekt, men det har vore avsett personalressursar til arbeid med to prosjekt med ekstern finansiering:

*Gi rom for lesing!* er eit nasjonalt tiltak som i løpet av fem år skal stimulere leseglede, lesekunnskap og auke kompetansen i skulebibliotek. Løyvingane kjem frå Undervisings- og forskingsdepartementet. Fylkesmannen ved Utdanningsavdelinga, løyvde kr. 300.000 til Hordaland fylkeskommune også i 2004. Fylkesbiblioteket administrerer tiltaket for fylkeskommunen. Prosjekt og tiltak i vidaregåande skule har blitt prioritert saman med kompetanseheving av lærarar i både grunnskulen og i vidaregåande skule.

Fylkesbiblioteket er involvert med fagkompetanse og litteratur i prosjektet "*Les for livet*", som er eit felles prosjekt for kommunane Fjell, Lindås, Osterøy og Meland, med tilskot frå ABM-utvikling, kommunane og fylkesbiblioteket. Skaping av leseglede og fleire lystlesarar er nokre av hovudmåla med prosjektet. Tiltaka rettar seg mot alle klassetrinna i grunnskulen. Felles for alle klassane er at dei får god tilgang på bøker som dei kan låne frå skulebibliotek, folkebibliotek og bokbuss.

Aktivitetar og prosjekt er nærare presenterte på nettstaden til fylkesbiblioteket:

<http://www.hordaland.no/templates/Page.aspx?id=688> og i meldingsbladet "*Emne-ord*", som kjem med fire nummer årleg. "*Emne-ord*" blir også publisert elektronisk på nettstaden. Fylkesbiblioteket gjev også ut ein matrikkel med oversyn over alle bibliotek- og bibliotekfolk i Hordaland.